



Scenevan: Bjørgulf Hauger (framme) i Norheimsund grendeutval, hotelldirektør Arnstein Birkeland (bak, t.v.) og lys- og lydmennene Vidar Sangolt og Gunnar Åsebø ser fram til den nye scena er på plass i Norheimsund sentrum.

Arbeider for open scene

Til torgdagen i september kan kombinasjonen av scene og busskur på torget i Norheimsund stå klar.

SIGBJØRN LINGA

linga@hf.no

Vona er å få til ein opningskonsert med gode artistar på nyvinninga, som i all moderasjon har fått namnet Sentrum scene Norheimsund, fortel Bjørgulf Hauger på vegner av grendeutvalet.

Saman med styremedlemene Geirmund Storaas og Vigdis R. Skeie, pluss dei lydtekniske ekspertane Vidar Sangolt og Gunnar Åsebø, var han invitert til Thon Hotel Sandven 15. mars for å markera at Olav Thon-stiftinga støttar scena med 200.000 kroner. Thon møtte ikkje personleg, men hotelldirektør Arnstein Birkeland baud på kaffi, kake og ros.

For alle året rundt

Tanken er at utescena skal kunna nyttast av kven som helst når som helst, men særleg hendig vil

ho vera i samband med til dømes båtfestivalen, torgdagen, julegateopninga og på 17. mai. Til dømes kor og korps kan dela ord og tonar året rundt.

– Me har ingen kontroll på

kven som syng. Dette er eit ope tilbod. Håpet er at til dømes kulturskulen og liknande tilbod tek det i bruk, seier Hauger.

– Me håpar scena vil bidra til at det vert liv i området på laurdagar, seier Vigdis R. Skeie.

Til kvardags kan bussreisande nytta scena til venteskur når været er dårlig.

Birkeland er ikkje i tvil om at det nye tilbodet vil gje positive verknader også for hans verksemid.

– Det tenker nok Olav Thon også. Dette viser at han vil noko her.

Det er eit godt prosjekt som han synest det er kjekt å vera med på å realisera i bygda, seier direktøren.

Grønt stål i bein og armar

Kvam herad gav nyleg løyve til å setja i gang arbeidet. Hardanger byggssenter AS skal gjera jobben. Etter litt om og men har Skyss og Statens vegvesen akseptert plasseringa av letakset, sistnemnde på vilkår av sikta mot kaien og nordover på fylkesveg 49 vert som før, og at tiltaket ikkje hindrar drift og vedlikehald av fylkesvegen.

Scena vert bygd i amfiet og står


vend mot fjorden. Det fem meter breie og ti meter lange taket vert rektagulært og bygt i glas og grønlakkert stål, støtta av ei skrå mast og fem støtter i bakkant.

Vegg mot fylkesveg 49, hovudgata, vert ein duk som kan hengjast opp når det er naudsynt. Baktanken er at scena ikkje skal bryta det opne rommet til kvardags.

Premiepengar i botnen

Utgangspunktet for prosjektet var dei 250.000 kronene som Kvam herad mottok for å ha gjort mest for å utvikla ein attraktiv tettstad. Pengane frå regjeringa måtte brukast på tiltak som gjorde bygda endå meir attraktiv. Grendeutvalet valde å satsa på scene, og trudde ei tid at ein halv million kroner burde halda. Sidan har budsjettet vaks til 1,4 millionar, som inkluderer stonad frå mellom andre Sparebankstiftinga Hardanger og Sparebanken vest.

På torgdagen har det vore rigga til ei scene på same staden som den nye skal byggjast. Vidar Sangolt i Gloria AS slår fast at det meste vil verta monaleg enklare med ei fast scene med uttak for straum og fasilitetar for opphenging av lyskastarar. Laust lys- og lydutstyr vert av naturlege årsaker ikkje ståande på staden heile tida.



Avbilda: Olav Thon-stiftinga støttar scena med 200.000 kroner. Når provet på det vert overlevert, syter Marita Fosso for at augneblinken vert lagra.